



NORGES
HUSFLIDSLAG



DYRSKU'N
SIDAN 1866



Seljord, 07. april 2022

Invitasjon til

HUSFLIDSUTSTILLINGA - Tevling i handverk & design

Dyrsku'n 9. - 11. september 2022

Husflidsutstillinga – Tevling i handverk & design vert arrangert i Seljord av Dyrsku'n Arrangement AS og Vest-Telemark Museum i samarbeid med Norges Husflidslag. Tevlinga er den største i sitt slag i landet, og vert i år arrangert for 57. gong. Husflid og handverk er viktige pilarar i arrangementet, og vi er stolte av å både kunne oppretthalde og vidareutvikle Husflidsutstillinga på Dyrsku'n.

Tevlinga har desse kategoriane; *tekstil, tre, sylv, kniv, smiing og rosemåling*. Dommarane legg spesiell vekt på å vere gode rådgjevarar, og det er stilt strenge krav til dommarane om å komme med konstruktive tilbakemeldingar på vurderingsskjemaet. Det er viktig at du som utøvar får gode kommentarar på arbeidet.

Vedlagt fylgjer skjema for påmelding med reglement og rettleiing, samt informasjon. Vi håpar at mange vil sjå verdien av å delta. Sprei gjerne budskapet i ditt nettverk.

Vi gjer merksam på at det må sendast inn eitt skjema pr. innsendte produkt. Informasjon om gjeldande kategoriar og klasser finn du i rettleiinga for utfylling av påmeldingsskjemaet, samt på www.dyrskun.no

Skjemaet for påmelding er og å finne på <https://www.dyrskun.no/husflidsutstillinga-pa-dyrskun/> der du finn ein versjon i PDF-format for utskrift og manuell utfylling. På heimesida vår finn du og anna nyttig informasjon om Dyrsku'n og husflidstevlinga.

Frist for påmelding og innlevering av produkt er fredag 12. august.

Velkomen som deltakar på tevlinga!

Har du spørsmål, ta kontakt med:

Vest-Telemark Museum:
Embla Forthun Guntveit
Prosjektleiar Husflidsutstillinga
tlf: 472 65 246
husflid@dyrskun.no
efg@vtm.no

Norges Husflidslag:
Linda Thiis
Fagansvarleg
tlf.: 412 87 169
buskerud@husflid.no